



Thorsheim 22.02.2015

Til medlemmane i Lindås sogelag

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I LINDÅS SOGELAG

Tid: Sundag 15. mars kl. 16.00.

Stad: Borgstova i Seim ved Håkonshaugen.

Sakliste:

Sak 1 Konstituering, val av møteleiar og referent.

Sak 2 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Sak 3 Årsmelding 2014.

Sak 4 Rekneskap 2014.

Sak 5 Storleik på medlemspengar.

Sak 6 Endring av § 3 og 5 i lover for Lindås sogelag. Nytt punkt om val av valnemnd.
Endringa krev 2/3 fleirtal av dei frammøtte. Framlegget ligg ved innkallinga.

Sak 6 Arbeidsprogram.

Sak 7 Val leiar
 2 styremedlemer
 2 varamedlemer
 1 revisor
 1 til valnemnda

Før årsmøtet tek til vil Vidar Lehmann fortelja om boka han har laga om soge frå Ostereidet.

Matøkt.

Lindås sogelag v/styret

Jan B. Thorsheim

LSL/2014s

Lindås sogelag - samandrag av rekneskapen 2014

Inntekter:

Medlemspengar	kr	24 500,00	
Kulturmidlar	kr	145 000,00	
Mimra / sal av bøker	kr	65 172,00	
Alenfit-bøkene 2 A & B	kr	3 900,00	
Varmepumpe / sal av brukt	kr	1 784,00	
Renter	kr	509,71	
Samla inntekter	kr	<u>240 865,71</u>	kr 240 865,71

Utgifter:

Strilamuseet / betalingar vedkomande avslutta drift	kr	13 156,66	
Utstyr / innreiing / magasinet / Feste skule	kr	103 888,30	
Alarmsystem	kr	12 898,82	
Lokalhistoriske bøker	kr	1 400,00	
Medlemspengar til andre lag	kr	3 098,00	
Mimra / prenting	kr	53 131,25	
Mimrasleppet	kr	3 977,50	
Årsmøtet & dugnad	kr	11 538,26	
Ymse rekvisita og porto	kr	6 671,00	
Telefon	kr	505,60	
Bankboksleige	kr	950,00	
Transaksjonskostnader	kr	90,00	
Samla utgifter	kr	<u>211 305,39</u>	kr 211 305,39

Overskot / auka beholdning

I DNB, 31.12.2013	kr	9 851,84	
I Spv., 31.12.2013	kr	528 662,39	
Beholdning, 31.12.2013	kr	<u>538 514,23</u>	kr 538 514,23
I DNB, 31.12.2014	kr	12 052,96	
I Spv., 31.12.2014	kr	556 021,59	
Beholdning, 31.12.2014	kr	<u>568 074,55</u>	kr 568 074,55

Merknad:**Av innestående kapital er noko merka for spesielle prosjekt:**

Til eventuell vidare plan for prosjektet på Håkonshaugen	kr	100 000,00
Avsett til digitalisering av fotosamlinga	kr	40 000,00
Til saman	kr	<u>140 000,00</u>

Båtkontoen i Spv.:


31.12.2013	kr	136 569,00
Renter for 2014	kr	416,00
31.12.2014	kr	<u>136 985,00</u>


Strilamuseet sin konto i Spv.:

31.12.2013	kr	17 959,51
Renter for 2014	kr	32,00
31.12.2014	kr	<u>17 991,51</u>

Gausereide den 22. februar 2015

Kleiven den 1. mars 2015


Reidar Furelid - kasserar / rekneskap


Helge Kvingedal - revisor

1. Lindås sogelag arbeider for å samla, ta vare på og gjera ålment kjent og tilgjengeleg alt tilfang som har å gjera med ålmenn soge, gards- og ættesoge, levevis, folkeminne, stadnamn og mål i Lindås kommune.
Laget skal vera innmeldt i Landslaget for bygde- og by-historie.
2. Medlem vert kvar den som betaler årspengane. Medlemsskapen er gyldig ut det året årspengane er betalte, og året etter.
3. Laget har eit styre på 5. Årsmøtet vel leiar, 4 styremedlemmer, 2 varamedlemmer og **3 medlemmer til valnemnda**. Medlemmer er valde for 2 år, leiar og varamedlemmer for eitt år om gongen. **Medlemmer til valnemnda for 3 år**. På første vanlege årsmøte kjem 2 styremedlemmer på val etter lutkast. **På årsmøtet for 2015 vel årsmøtet 3 medlemmer til valnemnda. 1 for 3 år, 1 for 2 år og 1 for 1 år**. Styret skal seinast 1 månad etter kvart årsmøte velja nestleiar, skrivar og kasserar. Kasserar treng ikkje vera styremedlem. Styret er vedtaksført med 3 frammøtte medlemmer eller varamedlemmer.
4. Styret leier lagsarbeidet mellom årsmøta,- og skal føra møtebok. Det gjer vedtak med vanleg fleirtal. Styret kan skipa arbeidsgrupper med medlemmer i og utanfor styret for å løysa særskilde arbeidsoppgåver. Styret legg fram årsmelding, revidert rekneskap og eit framlegg til prioritert arbeidsprogram på årsmøtet. Rekneskapsåret følgjer kalendaråret.
5. Årsmøtet er høgaste styringsmakta i laget.. Det vert halde før 1. mai etter skriftleg innkalling med 8 dagars varsel.
Årsmøtet skal gjera vedtak i fylgjande saker:
 - årsmelding
 - rekneskap
 - val av leiar i laget
 - val av 2 styremedlemmer
 - val av revisor
 - val av 2 varamedlemmer til styret
 - **val av 1 medlem til valnemnda**
 - arbeidsprogram
 - storleik på årspengane
 - andre saker eit fleirtal på årsmøtet vil ta opp eller som styret har sett på innkallinga.
6. Eit fleirtal av styret eller ¼ av alle som har gyldig medlemskap kan krevja omframnt årsmøte innan 14 dagar frå kravet er framsett for ein medlem i styret.
7. Årsmøtet kan brigda lovene med 2/3 fleirtal av dei frammøtte, når endringsframlegget er kunngjort i innkallinga. Lovframlegg som kjem til styret før 15. februar, skal styret ta med i innkallinga.
8. Ei eventuell oppløysing av laget, skal handsamast på same måte som vedtektsendring. Lindås kommune avgjer då kva som skal skje med laget sine samlingar.

Lovene er vedtekne på skipingsmøtet i Dalheim 14.mars 1982. Endra på årsmøtet 16. mars 2005 og **15.mars 2015**.

(Kasserar har her skrive av lovene med endringar og med utheving av det som gjeld endringar ein fremjar forslag om på årsmøtet 15. mars 2015. Såleis alt på eitt ark!)